



SØKNAD OM DEKNING AV MEIRUTGIFTER TIL HEIMTRANSPORT

NORDISK KONVENSJON, ARTIKKEL 7

(HELFOs ref.nr.: _____)

Ved transport utan ambulanse skal søknaden sendast til HELFOs regionkontor på behandlingsstaden, adresse:

Ved transport med ambulanse på heile eller delar av reisa skal søknaden sendast til HELFO Utland.

1 Informasjon om avsendaren

Institusjon		
Institusjonsadresse:		
Kontaktperson	Telefonnummer	Faks

2 Pasientopplysningar

Etternamn, fornamn	Fødselsdato/fødselsnummer
Bustadadresse	
Bustadland	Telefon

3 Medisinske opplysningar

Innlagt/behandla dato:	
Diagnose	
Beskriving/funksjonsvurdering (legg ev. ved opplysningar)	
Behandlingsbehovet oppstod (stad):	Er behandlinga formålet med reisa til Noreg? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

4 Heimtransport

HEIMREISA EIN SØKJER DEKT Heimtransporten skal skje med		
a) ambulanse (bil, båt fly)	b) anna transportmiddel	
Transporten skal gjennomførast (dato)	Stipulert kostnad for heimtransporten NOK	
OPPHAVLEG PLANLAGD HEIMREISE Dato for opphavleg planlagd heimreise:	Transportmiddel ved opphavleg planlagd heimreise:	Kostnader ved opphavleg planlagd heimreise: NOK

5 Signering

Søknaden er utferda av pasienten sjølv: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Underskrift	Stad, dato
Søknaden er utferda på vegner av pasienten etter pasientens eige ønske <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Namn på ansvarleg (bruk blokkbokstavar):	Underskrift
Stilling	Stad, dato	

6 For HELFO

Søknad om dekning av meirutgifter til heimtransport er	Meirutgiftene er på:	Eigenbetalinga til pasienten er sett til:
a): godkjend <input type="checkbox"/> b): avslått <input type="checkbox"/>	NOK	NOK
Stad, dato:	Underskrift, stempel:	

ORIENTERING

Denne blanketten blir rettsleg rekna som pasientens søknad og baserer seg på pasientens eige ønske om å gjere seg nytte av retten som Nordisk konvensjons artikkel 7 gir til å få dekt meirutgifter ved at ein på grunn av sjukdom må bruke dyrare transport enn elles. Sjukehuset kan ikkje søkje for pasienten dersom pasienten sjølv ikkje ønskjer det. Søknaden skal sendast til HELFO, som skal gjere vedtak før transporten. Berre unntaksvis kan ein få refusjon i ettertid. Vilkåra for dette er strenge.

Det er berre *nødvendige meirutgifter* til heimtransport for pasienten som kan dekkjast. Utgifter til medfølgjande familiemedlemmer, også mindreårige barn, kan ikkje dekkjast. Utgifter til familiemedlem som er nødvendig følgje, kan likevel dekkjast.

Pasienten skal betale ein eigendel som svarer til heimreiseutgiftene han elles ville hatt. Det blir ikkje rekna for ei meirutgift at pasienten på grunn av sjukdom må kjøpe ny returbillett. Det er berre dyrare reisemåte som blir rekna for ei meirutgift. Det skal derfor nesten alltid vere eigenbetaling i samband med heimtransporten. Det gjeld òg ved ambulansetransport.

Dersom det er helsetenesteytaren (sjukehus eller annan behandlar) eller transportøren som søker om å få dekt meirutgifter på vegner av pasienten, er denne ansvarleg for å krevje inn eigenbetalinga frå pasienten som fastsett i vedtak frå HELFO. HELFO kan betale for transporten først når det er gjort vedtak om medhald. Når transporten er gjennomført, skal HELFO ha spesifisert faktura for dei godkjende meirutgiftene. Dei godkjende meirutgiftene blir då refunderte i samsvar med tidlegare vedtak med frådrag av eigenbetalinga til pasienten. Dersom det er pasienten sjølv som søker, blir dei godkjende meirutgiftene dekte med frådrag for eigenbetalinga. Dersom pasienten – på grunn av økonomi eller helse – er ute av stand til å betale, kan HELFO bestemme at eigenbetalinga skal krevjast inn i ettertid.

Vilkåret om refusjon i ettertid blir praktisert svært strengt. Lite kapasitet på sjukehuset er ikkje god nok grunn til at overføringa til utlandet kan gjennomførast utan søknad på førehand.